

MYKING OG HUNDTVINGREND GRUNNEIGARLAG

v/ Atle Bruvoll Andersen

Bruvoll, 08.02.2018

Trælandsvegen 24

5956 Hundvin

Landbruksavd. Lindås Kommune

v/Nils Kaalaas

5914 Isdalstø

SAK: SØKNAD OM MIDLAR I SAMBAND MED HJORTETELJINGA 2017.

Bakgrunn:

Myking og Hundvingrend Grunneigarlag har gjennomført teljing av hjort 2 gonger våren 2017. Dette er ei oppgåve som laget har utført dei siste åra etter "oppdrag" frå Lindås Kommune. Tidlegare var det, slik eg forstår, kommunen som sjølv organiserte denne teljinga.

Laget søker derfor om kompensasjon for dette arbeidet slik det går fram av §5 i Forskrift om kommunale og fylkeskommunale viltfond.

Kompensasjonen skal dekke utgifter til transport og medgått tid til organisering og utføring av hjorteteljinga.

Laget er eit av dei største hjortevalda i Lindås Kommune og arbeidet med teljinga vert derfor utført av 4 personar kvar gong. Dei som har delteke i teljinga i 2017 har ikkje sendt inn "reiserekning" for dette. Dersom søknaden vert innvilga, vil laget ta ansvar for at dei aktuelle personane får dekke transportutgiftene. Dermed vert det også, etter laget si meining, mindre arbeid for Kommunen.

Me tillet oss derfor å søkja om eit vederlag på **kr. 8000** for det arbeidet laget har gjort i samband med hjorteteljingane i 2017.

Dersom søknaden vert innvilga, ber me om at summen vert overført til laget sin konto:

3640.60.19645

Med venleg helsing

Atle Bruvoll Andersen'

Leiar Myking og Hundvingrend Grunneigarlag